



Beate Bjørkelund Engan
Alvervegen 10
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/891 - 23/2093

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
09.01.2023

Svar på brev som gjeld vatn og avløp - gbnr. 147/71 Sellevoll

Vi viser til din e-post datert 02.01.2023 og vedlagte bilder av tank/slangar/koplingar og kjellarrom. Du skriv at det ikkje er innlagt vatn direkte i fritidsbustad. Vi legg til grunn dine bilder som viser innvending røyropplegg og etablert varmtvasstank.

Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) sin definisjonen på innlagt vatn er : «vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande som gjennom rør eller leidningar er ført innandørs»

Det er kommunens vurdering at fritidsbustaden din har innlagt vatn og at det dermed vil være krav til utsleppsløyve.

Vi varslar med dette at kommune vil krevje at det vert søkt om utsleppsløyve for avløpsvatn frå fritidsbustaden eller at tank og innvendig røyropplegg vert fjerna.

Du skriv at eigedomen er seld og skal overtakast av ny eigar 01.02.2023. Vi ber om at du informerer ny eigar og gjev oss ei tilbakemelding innan eigarskiftet er gjennomført om kva løysing de vil velje knytt til innlagt vatn og avløp.

Du kan sende oss tilbakemelding til e-postadresse post@alver.kommune.no eller per post:
Alver Kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Frist for tilbakemelding er 31.01.2023.

Anvendt regelverk

- Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.
- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **22/891**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Beate Bjørkelund Engan

Alvervegen 10

5911

ALVERSUND